



Sak nr 6/2011

Møtedato: 1.2.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om jakthundtrening 5-6.mars, Norsk Engelsksetterklubb

Norsk Engelsksetter Klubb v/distriktskontakt Herdis Unneland søker med dette om løyve til vintertrening for fuglehundar i statsallmenningen ein dag i helga den 5. og 6. mars. I tidlegare søknad har det ynskje om rimeleg eller gratis leige sidan dette er eit gratis tilbod om instruksjon til fuglejegeerane.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

1.Dato: 5. og 6. mars 2011.

2.Areal: Vestre Slidre statsallmenning.

3.Slepp: Maksimalt 2 hundar lause på same tid.

4.Retur: Deltakarane skal følgje partiet under instruksjonen. det tillate at ei gruppe kan forlate partiet dersom ein representant frå klubben følgjer dei tilbake til parkeringsplassen. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.

5.Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.

6.Pris: Gratis når det er eit gratistilbod, kr 70 om det er betaling for å deltaka på treninga

7.Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal vera skriftleg og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.2.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Norsk Engelsksetter Klubb v/Herdis Unneland